

Fra: Grethe Marie Sandvik[]
Sendt: 23.01.2023 08:37:00
Til: Hugne Øvstebø[Hugne.Ovstebo@vlfk.no]
Tittel: Løyve til felling av skog - 154/115, 154/136, 154/309 - Porsvik - Valen

Hei

Viser til telefonsamtale og e-post vedr løyve til vedhogst på:

- Friområde/Utkikksområde 154/136. Løyve gjeld rydding av skog. Fint om nokre av dei finaste trea står igjen.
- Kommunal tomt 154/309, og 154/115 Vedhogst.

Vilkår for avtale:

Rydding av skog kan medføre risiko for skade, slik at felling må gjerast av personar med god kompetanse innafor fagfeltet.

For felling av tre nær bustader, kommunal veg, gangveg og friområde, så må vedhogger ta særleg omsyn slik at det ikkje vert gjort skade ved hogsten.

Vedhoggar er ansvarleg for hogsten, og kommunen som grunneigar fråskriv seg alt ansvar (erstatningsansvar) for felling, og er ikkje ansvarleg for skader eller anna felling måtte påføre andre.

Treet skal kappast lengst mogleg ned til bakken og veden må fjernast og skat og greiner må leggjast i dungar.

Stiar, ferdselsårar mm må haldast frie for skat, greinar mm.

Vedhoggar er innforstått med at felling av trær og bruk av motorsag er farleg.

Det vert sett krav om bruk av nødvendig verneutstyr og opplæring for å utføra hogsten på ein forsvarleg måte.

Vedhoggar utfører vedhogsten mm for eigen rekning og risiko, og med eige utstyr.

Kvinnherad kommune ynskjer ei tidsavgrensing av avtalen, og ber om at felling skal vere gjennomført og området rydda før 01.05.2023.

Dersom du ser at du ikkje blir ferdig med rydding av området innafor tidsfristen og ynskjer ei utviding av tidsavgrensing på avtalen, så ber eg om at du tar kontakt.

Lykke til!

Med helsing

Grethe Sandvik | Eiendomsforvaltar Teknikk og miljø

Mobil: +47 918 99 796

www.kvinnherad.kommune.no |





Tenk miljø før du skriv ut!

Frå: Hugne Øvstebø <Hugne.Ovstebo@vlfk.no>

Send: fredag 20. januar 2023 12:11

Til: Grethe Marie Sandvik <grethe.marie.sandvik@kvinnherad.kommune.no>

Emne: Felling av skog på kommunalt område.

Hei.

Viser til telefonsamtale med dykk i dag fredag 20.01.2023.

Spørsmål om løyve til å felle ned nokre trær på friområdet i Porsvik byggefelt. 154/136

Dette er eit fint utsiktområde som blir brukt av dei som bur i Porsvik.men som blir finere med litt rydding av skog.

Så er det og ei kommunal tomt 154/136 som ligger nord/vest i felte.Der er det ein del trær som eg ønsker å felle, trærne vil bli brukt til ved.

Det står og nokre trær på siden av gangsti 154/115 mot fylkesveg som eg ønsker å sage ned.

Mvh. Hugne Øvstebø

Sundvikvegen 21

5451 Valen

Telefon 91129743